



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG


Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Dispensasjon - Alver 38/29 - Hodne - bølgedempar i sjø

Vi viser til brev frå kommunen dater 24.04.2023. Saka gjeld søknad om etablering av bølgedempar.

Tiltaket ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for tidlegare Lindås kommune er definert som LNF og småbåthamn. Tiltak ligg i omsynssone for friluftsliv. Det er søkt om dispensasjon frå arealføremål LNF, byggegrense i kommunedelplan, samt plankrav.



### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Tiltaket ligg i sjøen og i strandsona. Etter det vi kan sjå er det store strandsoneverdiar der tiltaket skal plasserast. Tiltaka skal gjerast i tilknytning til holmar og skjær som har verdi for landskap og friluftsliv. Det er få tiltak i desse områda i dag. Arealet ser også ut til å vere del av eit



blautbotnområde. Slike områder har verdi som funksjonsområde for fleire fugleartar. Arealet kan difor også ha verdi for naturmangfaldet.

Stasforvaltaren rår ifrå dispensasjon frå byggeforbod, LNF-formål og plankrav i denne saka. Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN